

Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 18/8055-12

Godtgjersle til folkevalde - endring av reglement

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget endrar punkt 1.6 i reglementet «Arbeidsvilkår for folkevalde», slik at det vert opna for å gjere unntak frå regelen om reduksjon i den faste godtgjersla for fråvær som skuldast sjukdom. Sjukdomen må kunne dokumenterast.
2. Endringa får verknad for heile fylkestingsperioden 2015-2019.

Relevante dokument i saka:

Arbeidsvilkår for folkevalde, sist oppdatert 3.1.2018:

<http://www.sfj.no/getfile.php/4039297.2344.jpp7zaltzzmipp/Arbeidsvilk%C3%A5r+for+folkevalde+oppdatert+2018.pdf>

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

I reglementet «Arbeidsvilkår for folkevalde», sist oppdatert 3.01.2018, er det ein regel om reduksjon i den faste godtgjersla på 50 % for folkevalde som deltek i mindre enn 2/3 av møta. Reglementet opnar ikkje for unntak frå regelen om reduksjon. Fylkestinget skal i denne saka ta stilling til om reglementet skal endrast, slik at det er høve til å gjere unntak frå reduksjonsregelen der fråværet skuldast sjukdom, og der sjukdomen kan dokumenterast.

2. Bakgrunn for saka

I samband med handsaminga av ei klagesak om avkorting i den faste godtgjersla, har FU som klagenemnd bedt særskilt om at det vert fremja sak om endring av - eller unntak frå regelverket «Arbeidsvilkår for folkevalde». Fylkesutvalet har nærare bestemt bedt om at det vert opna for å gjere unntak frå reglementet ved fråvær grunna sjukdom. Fråværet må kunne dokumenterast.

Sentrale problemstillingar

Reglementet «Arbeidsvilkår for folkevalde» er fylkestinget sitt eige reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Reglementet skal sikre folkevalde kompensasjon for arbeidsinnsats, erstatning for tapt inntekt og dekking av reelle utgifter i samband med utøving av vervet.

I reglementet er det vedteke at dei folkevalde skal få ei fast godtgjersle for arbeidet dei gjer som folkevald. For folkevalde [medlemar] som deltek i mindre enn 2/3 av møta utvalet har i løpet av kalenderåret, skal den faste godtgjersla reduserast med 50%. For folkevald [medlem] som har tenestefri frå fylkestingsvervet i minst tre månader i samanheng, skal det gjerast høvesvis trekk i den faste godtgjersla. Ein varamedlem som deltek i minst 1/3 av utvalet sine møte, skal ha 50 % av den faste godtgjersla til den han er varamedlem for, og ein varamedlem som deltek i minst 2/3

av møta, skal ha full fast godtgjersle. Dagens reglement inneheld ikkje nokon regel om unntak frå reduksjonsregelen, t.d. for der fråværet skuldast sjukdom.

Andre opplysningar

Denne typen reglement er utarbeidd med grunnlag i kommunelova (kompl.) §§ 41, 42 og 43. I kompl. § 42 står det at den som har eit fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjersle for sitt arbeid etter nærmare reglar fastsette av FT sjølv. Arbeidsgodtgjersle kjem i tillegg til dekking av eventuelle utgifter og økonomisk tap etter § 41. Kompl. § 43 lovfestar at fylkestinget kan vedta pensjonsordning for folkevalde i fylkeskommunen.

Ifølgje forarbeida til kommunelova, Ot.prp.nr.42 (1991-1992), er siktemålet med reglane å betre dei folkevalde sine økonomiske vilkår, og med det bidra til å gjere verva meir attraktive og legge til rette for auka rekruttering. Departementet legg til grunn at forma og storleiken på arbeidsgodtgjersla bør fastsettast av kommunestyret/fylkestinget, ikkje av lovgjevar.

3. Vurderingar og konsekvensar

I denne saka er vurderingstemaet om fylkestinget skal endre reglementet «Arbeidsvilkår for folkevalde», slik at det vert høve til å gjere unntak frå regelen om reduksjon i den faste godtgjersla der fråværet skuldast sjukdom som kan dokumenterast.

Det lovfesta kravet om arbeidsgodtgjersle for folkevalde skal sikre at dei folkevalde vert kompensert for det arbeidet dei gjer, i tillegg til å få dekka faktiske utgifter og økonomisk tap. I forarbeida til lova er det uttrykt at godtgjersle per møte har vore ein vanleg framgangsmåte. Framgangsmåten med ei fast godtgjersle utrekna på førehand, er eit alternativ. Ved denne framgangsmåten må nødvendigvis den faste godtgjersla reduserast i etterkant, dersom det syner seg at den folkevalde har hatt mindre faktisk arbeid knytt til vervet enn den faste godtgjersla gjeld for. Ein varamedlem som møter i den faste medleimen sin stad, får rett på godtgjersle tilsvarande reduksjonen i den faste godtgjersla til medleimen.

At reglane om arbeidsgodtgjersle skal godtgjere for utført arbeid, betyr at det ikkje er noko direkte kopling mellom kva som er gyldig forfall frå eit møte etter kompl. § 40, om rett og plikt til deltaking i møte, og kva ein har krav på arbeidsgodtgjersle for. Det er følgjeleg ikkje slik at gyldig fråfall gjev rett til unntak frå regelen om reduksjon.

Regelen om reduksjon i den faste godtgjersla er vedteken av FT og gjort kjend for den enkelte folkevalde gjennom reglementet. Sjølv om dei folkevalde er gjort kjende med reduksjonsregelen og såleis kjenner konsekvensane av å ikkje delta i over 2/3 av møta, kan det likevel i visse tilfelle verke urimeleg å redusere den faste godtgjersla. At det er tale om ei fast godtgjersle medfører ei forventning om inntekt, og det må leggest til grunn at den enkelte til ein viss grad innrettar seg deretter. Når årsaka til fråværet, eller delar av fråværet, skuldast omstende som den folkevalde ikkje rår over eller kunne unngå, og ikkje kunne vite om før han eller ho tok på seg vervet, kan det i lys av innrettingsomsynet vere urimeleg å telje med dette fråværet. Det er i tillegg slik at det i samfunnet elles eksisterer ei allmenn oppfatning om at gyldig fråværet, t.d. ved sjukdom, gjev rett til fri utan avkorting i løn. For at denne typen verv skal verke attraktive samanlikna med anna arbeid, vil det vere føremålstenleg å opne opp for at det i visse tilfelle av dokumenterbar sjukdom kan gjerast unntak frå regelen om reduksjon etter ei nærare vurdering.

Fylkesrådmannen tilrår difor at punkt 1.6 i reglementet «Arbeidsvilkår for dei folkevalde» vert endra til å ha følgjande utforming:

1.6. Reduksjon i fast godtgjersle

For folkevalde som deltek i mindre enn 2/3 av dei møta utvalet har i løpet av kalenderåret skal den faste godtgjersla reduserast med 50 %. Fråværet som skuldast eigen sjukdom, og som kan dokumenterast, skal ikkje telje som fråværet i denne samanhengen. Føresetnaden er at ein har teke til i vervet før årsaka til fråværet oppstår. Godtgjersle vert i alle høve ikkje gjeve utover perioden den folkevalde er vald for.

For folkevald som har tenestefri frå fylkestingvervet i minst tre månader i samanheng skal det gjerast høvesvis trekk i den faste godtgjersla.

Ein liknande regel føreligg i reglementet for godtgjersle til folkevalde i Hordaland fylkeskommune, og er lagt opp til i reglementet for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune.

For at retten til godtgjersle skal vere lik for dei folkevalde i inneverande fylkestingsperiode, tilrår fylkesrådmannen at reglementsendinga vert gjeven verknad for heile fylkestingsperioden 2015-19. Det generelle rettslege prinsippet om at lover og reglar ikkje skal verke attende i tid, gjeld berre i dei tilfella der ein lovregel kan verke til skade for den enkelte, og er difor ikkje i vegen for ei slik endring.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Det er uråd å seie eksakt kva økonomiske konsekvensar denne endringa vil kunne medføre for framtida. I inneverande fylkestingsperiode vil verknaden attende i tid kunne medføre at godtgjersla ikkje vert redusert i to tilfelle. Den konkrete summen vil i så fall vere i underkant av 150 000 kroner.

4. Konklusjon

Det er fylkestinget som fastset reglar for korleis dei folkevalde skal få godtgjersle for tillitsvervet. Fylkestinget har derfor høve til å endre reglementet ut frå kva fylkestinget vurderer som rimeleg og føremålstenleg.

Ein tilsvarande regel er praktisert i andre fylkeskommunar, og er lagt opp til i reglementet for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune.